

Flygtningenævnets baggrundsmateriale

Bilagsnr.:	466
Land:	Kina
Kilde:	Landinfo
Titel:	Temanotat. Kina: Familieplanleggingspolitikken og kinesiske borgere som får barn i udlandet.
Udgivet:	15. maj 2017
Optaget på baggrundsmaterialet:	7. september 2017

Temanotat

**Kina: Familieplanleggingspolitikken
og kinesiske borgarerar som får barn i
utlandet**



© Landinfo 2017

Materialet i denne publikasjonen er omfatta av åndsverklova. Utan særskild avtale med Landinfo er eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate når det er heimla i lov.

Spørsmål og reaksjonar på Landinfo sine rapportar kan rettes til:

Landinfo
Eininga for landinformasjon i utlendingsforvaltninga

Storgata 33 A

Postboks 8108 Dep

N-0032 Oslo

Tel: 23 30 94 70

E-post: landinfo@landinfo.no

www.landinfo.no

Om Landinfos temanotat

Eininga for landinformasjon i utlendingsforvaltninga (Landinfo) skal som fagleg uavhengig eining hente inn og analysere informasjon om samfunnstilhøve og menneskerettar i land som Utlendingsdirektoratet (UDI), Utlendingsnemnda (UNE) og Justis- og beredskapsdepartementet kan trenge kunnskap om.

Landinfos temanotat er baserte på opplysningar frå nøye utvalde kjelder. Opplysningane er handsama i samsvar med anerkjende kvalitetskriterium for landinformasjon og Landinfos retningslinjer for kjelde- og informasjonsanalyse.

Temanotata bygger på både skriftleg og munnleg kjeldemateriale. Ein del av informasjonen som vert formidla, er henta inn gjennom samtalar med kjelder på informasjonsinnhentingsreiser. Landinfo legg vinn på breidde i kjeldetilfanget, og så langt som mogeleg er det henta inn informasjon frå kjelder som arbeider uavhengig av kvarandre. Alt nytta kjeldemateriale er fortløpande referert i temanotata. Landinfo har tatt omsyn til at nokre av kjeldene ønskjer å vere anonyme. Notata gir ikkje noko uttømmende bilde av tema som vert undersøkte, men dei klargjer problemstillingar som er relevante for UDIs og UNEs handsaming av utlendingssaker.

Landinfo er ei fagleg uavhengig eining, og informasjonen som vert presentert, kan ikkje takast til inntekt for eit bestemt syn på korleis utlendingsforvaltninga bør handsame søknader. Landinfos temanotat er heller ikkje uttrykk for det synet norske styresmakter har på tilhøva og landa som notata handlar om.

About Landinfo's reports

The Norwegian Country of Origin Information Centre, Landinfo, is an independent body within the Norwegian Immigration Authorities. Landinfo provides country of origin information (COI) to the Norwegian Directorate of Immigration (Utlendingsdirektoratet – UDI), the Immigration Appeals Board (Utlendingsnemnda – UNE) and the Norwegian Ministry of Justice and Public Security.

Reports produced by Landinfo are based on information from carefully selected sources. The information is collected and analysed in accordance with [common methodology for processing COI](#) and [Landinfo's internal guidelines on source and information analysis](#).

To ensure balanced reports, efforts are made to obtain information from a wide range of sources. Many of our reports draw on findings and interviews conducted on fact-finding missions. All sources used are referenced. Sources hesitant to provide information to be cited in a public report have retained anonymity.

The reports do not provide exhaustive overviews of topics or themes, but cover aspects relevant for the processing of asylum and residency cases.

Country of Origin Information presented in Landinfo's reports does not contain policy recommendations nor does it reflect official Norwegian views.

SUMMARY

The Chinese family planning policy was reformed on 1 January 2016. After this date all Chinese married couples can have two children. This note was originally published in 2015. It therefore discusses the policy as it was formulated and implemented before January 2016. However, parts of the content may still be of relevance to couples or single women who have “one child too many”.

The main rule of the policy was one child per couple. There were exceptions, but one had to be married to have a “legal” child. Children born out of wedlock or without government permit resulted in harsh, mostly economic, sanctions.

Fines were the most common sanction. These could be hefty, depending on income, marital status and the child’s number in the line. Once the fine was paid, the child should be allowed to register and should not be discriminated against later. Violations of this rule did, however, occur.

Other sanctions, like confiscation of property or forced abortions or sterilisations, also occurred, but under no circumstances should a child be taken from its parents as punishment. Nevertheless this did happen. In China, there are often discrepancies between a law and its implementation, corruption is widespread, and officials sometimes violate citizens’ rights with impunity.

In general, the family planning policy also applied to Chinese citizens who resided abroad for shorter or longer periods. However, exceptions enable some students and other citizens to return from longer stays abroad with unauthorised children without sanctions. As all province level units have their own family planning regulations, there is regional variation. Implementation also varies geographically.

SAMANDRAG

Den kinesiske familieplanleggingspolitikken vart endra 1. januar 2016. Etter denne datoen kan alle kinesiske ektepar få to barn.

Dette notatet var først publisert i 2015 og omtalar derfor familiepolitikken slik han var formulert og praktisert før januar 2016. Delar av innhaldet kan likevel stadig vere gyldig for par eller kvinner som får eit barn «for mange».

Familieplanleggingspolitikken si grunnline var eitt ektepar – eitt barn. Det fanst unntak frå denne regelen, men ein måtte være gift for å få ”lovlege” barn. Utanomekteskapelege barn eller eit uautorisert barn nummer to (eller tre), medførte strenge, i hovudsak økonomiske, sanksjonar.

Den vanlegaste straffereaksjonen var bøter, gjerne svært høge, avhengig av mellom anna inntekt, sivilstatus og barnets nummer i rekka. Når bota var betalt, skulle barnet kunne registrerast og ikkje seinare verte forskjellsbehandla. Overtramp førekom likevel.

Andre sanksjonar, som konfiskering av eigedom eller tvungen abort eller sterilisering førekjem òg, men foreldre kunne ikkje lovleg verte fråteke eit uautorisert barn som straff. Likevel har dette òg skjedd. Det er ofte motstrid mellom lovtekst og iverksetjing i Kina, korrupsjonen er omfattande, og tenestepersonar kan gjere overgrep mot borgarar utan å verte straffa for det.

I utgangspunktet gjeld familieplanleggingslovverket òg for kinesiske borgarar som bur kortare eller lengre periodar i utlandet, men visse unntak lar studentar og andre som har budd utanlands ei viss tid, vende straffritt attende med uautoriserte barn.

Ettersom kvar eining på provinsnivå har egne forskrifter om familieplanlegging, er det regionale variasjonar i lovverket. Iverksetjinga av lovverket gir òg ulik praksis frå stad til stad.

INNHALD

1. Innleling	7
1.1 «Eittbarnspolitikken» avskaffa 1. januar 2016	7
1.2 Familieplanleggingspolitikken i Kina	7
1.3 Lovheimel og iverksetjing	8
2. Sanksjonar ved brot på familieplanleggings-regelverket	9
2.1 Generelt	9
2.2 Bøter	9
2.3 Andre sanksjonsformer.....	11
2.4 Sanksjonar som rammar uautoriserte barn	12
3. Familiar som returnerer til Kina med barn fødte utanom kvote i utlandet 13	
3.1 Generelt om regelverket sin gyldigheit for kinesarar busett utanfor Kina	13
3.2 Moglege unntaksgrunnar frå kvotane i familieplanlegginga	14
3.3 Regionale føresegner	16
3.4 Retur til Kina etter irregulære utanlandsopphald.....	17
4. Barn fødte i Hong Kong	18
5. Referanser	19

1. INNLEIING

1.1 «EITTBARNSPOLITIKKEN» AVSKAFFA 1. JANUAR 2016

Frå og med 1. januar 2016 kan alle ektepar i Kina få to barn. Den familieplanleggingspolitikken som ofte vart omtala som «eittbarnspolitikken», vart med det historie.

Denne endringa er likevel ei *justering* av familieplanleggingspolitikken, ikkje ei oppheving av han. Den generelle grensa for kor mange lovlege barn ein kan få er berre flytta frå eitt til to, og det er med andre ord ikkje slik at kinesiske borgarar no kan få så mange barn dei vil. Par som får eit tredje barn eller kvinner som av ulike årsakar får barn «utanfor kvote» (meir om dette i hovuddelen av notatet) vil framleis kunne vere gjenstand for sanksjonar.

Dette notatet var først publisert i august 2015. Temaet for notatet er derfor politikken slik han var formulert og praktisert før 1. januar 2016, men av praktiske årsaker er presensforma behalde. Dette notatet er såleis ein historisk bakgrunn for korleis familieplanleggingspolitikken vart implementert då det var eitt barn per par som var hovudregelen. Innhaldet kan likevel stadig vere av relevans for personar som får barn utanfor den nye «eitt par, to barn»-normen. I kva grad dette er tilfellet i praksis vil måtte undersøkjast spesielt.

1.2 FAMILIEPLANLEGGINGSPOLITIKKEN I KINA

Den kinesiske familieplanleggingspolitikken vart innført på byrjinga av 1980-tallet for å bremse den raske veksten i befolkninga. Familieplanleggingspolitikken vert ofte – og noko feilaktig – referert til som ”eittbarnspolitikken”. Den inneber rett nok at eitt barn per ektepar skal vere hovudregelen, men det finst ei rekkje unntak frå dette. Mange par kan få to barn, og nokre kan til og med få tre.

For alle gjeld likevel at ein må vere gift før ein kan få ”forskriftsmessige” barn – politikken tek utgangspunkt i at barn vert fødde innafor ekteskap. Ifølgje U.S. Department of State (2011) er det enno i nesten alle provinsar ulovleg for ei ugift kvinne å føde barn, og dette vert straffa med til dømes bøter. Artikkel 25 i den kinesiske ekteskapslova seier at ”barn fødde utanom ekteskap har same rettar som barn fødde innanfor ekteskap. Ingen må skade eller diskriminere dei” (Lov om ekteskap 2001). Når mange uautoriserte barn likevel ikkje vert registrerte, skuldast dette oftast at foreldra held barnet skjult for styresmaktene fordi dei vil unngå sanksjonane.

Informasjonen om kor mange som kan ha meir enn eitt barn, er ikkje eintydig. China Daily, ei statskontrollert kinesisk avis som kjem ut på engelsk, har rapportert at familieplanleggingspolitikken berre avgrensar 35,9 % av befolkninga til eitt barn (Guan 2007). Trass i dette omtalte BBC same år ein uavhengig forskingsrapport som hadde funne at Kina framstilte tala som betre enn dei eigentleg var:

Til dømes kan like over halvparten av befolkninga få to barn om det første er ei jente, men eit par har sjølvsagt like stor sjanse for å få ein gut først. Dette tyder i praksis at majoriteten av ektepara berre kan få eitt barn. ”Vi finn at 63 % av alle par i Kina kan ende opp med berre eitt barn, 36 % med to barn og berre 1 % med tre eller fleire”, fastslo rapporten. Familieplanleggingsregulverket i Kina er gjerne komplisert og varierer frå region til region, men

eitt barn er framleis norma i dei fleste hushald (Bristow 2007, Landinfos omsetjing).

Etter dette har mange av Kinas provinsar gjort om på dei lokale reguleringane for at også ektepar der ein av partane er einebarn, no kan få to barn. Tidlegare gjaldt dette berre ektepar der begge partane var einebarn (sjå liste på Library of Congress 2014).

Ønsket om ein son står sterkt mange stader i Kina, kanskje særleg på landsbygda. Moderne fosterdiagnostikk har gjort det mogleg å fastslå kjønn på eit svært tidleg tidspunkt i svangerskapet. Sjølv om dette er forbode (Law on Family Planning 2002, artikkel 35), har det i praksis resultert i mange abortar av jentefostre, noko som igjen har ført til ei skeivfordeling mellom gute- og jentebarn. Difor er det innført ein regel om at par på landsbygda som først får ei dotter, kan søkje om løyve til å få eitt barn til, som oftast etter fire år. Dei som har to døtrer, får nokre stader eit ekstra tilskot frå det offentlege.

I tillegg er det mange stader spesielle reglar for dei etniske minoritetane, slik at dei kan få to eller tre barn avhengig av om dei bur i byen eller på landet (U.S. Department of State 2011). Det finst også andre unntak for meir spesielle høve.

Det vanlege for par som ønskjer å få barn nummer to, er at dei søker om dette lokalt. Når Landinfo i dette notatet nyttar omgrepa "uautoriserte", "utanom kvote" eller liknande, viser dette til barn som er fødte utan at slik standard prosedyre er følgt. Til dømes vil dette ofte vere høvet for kinesiske borgarar som får barn i utlandet.

Dei harde sanksjonane forbundne med familieplanleggingspolitikken har resultert i eit stort tal uregistrerte barn – i Kina vert desse barna kalla "svarte" (*hei haizi* eller *heihu*) på folkemunne. I samband med folketeljinga i 2010 fekk kinesiske familiar tilbod om å registrere uregistrerte barn for ei redusert bot, eller dei vart som eit minimum oppfordra til å opplyse om uregistrerte barn, med lovnad om teieplikt frå funksjonæranne til gjengjeld. På denne måten vart det avslørt at det fanst rundt 13 millionar kinesiske born som offisielt ikkje eksisterte (Gordon 2015). Kor mange av desse som vart registrerte gjennom strafferabattordninga, eller kor mange uregistrerte barn som det trass lovnadane ikkje vart opplyst om, er ikkje kjend.

1.3 LOVHEIMEL OG IVERKSETJING

Plikta til å følgje familieplanleggingsregelverket er grunnlovsfesta i Kina. Artikkel 49, andre ledd, seier at "Både ektemann og kone pliktar å implementere familieplanlegging". Den gjeldande, nasjonale lova om familieplanlegging kom i 2002 (Law on Family Planning 2002). Ho skulle standardisere implementeringa av fødselsavgrensingspolitikken, men handhevinga varierer framleis mykje frå stad til stad (U.S. Department of State 2011).

Alle einingane på provinsnivå har eigne familieplanleggingsforskrifter, og regelverket varierer ein del dei imellom. Kina har 31 administrative einingar på provinsnivå: 22 provinsar, fem autonome regionar og fire byprovinsar (Beijing, Shanghai, Tianjin og Chongqing). I tillegg kjem dei to såkalla "spesielle administrative regionane" Hong Kong og Macau, men dei er ikkje omhandla i dette notatet med mindre så er eksplisitt nemnd.

Den kinesiske sentralregjeringa fastset viktige, nasjonale mål, men regionane står på mange område relativt fritt til å velje tiltak og verkemiddel for å nå desse måla. Den nasjonale familieplanleggingslova delegerer iverksetjinga av politikken til

”folkeregjeringane på eller over kommunenivå (*xian*)”, altså lokale styresmakter (Law on Family Planning 2002, artikkel 10). Dette opnar for store geografiske variasjonar. Kina har nesten 3000 einingar på kommunenivå.

Jonathan Watts (2011), mangeårig Asia-korrespondent i avisa The Guardian, oppsummerer familieplanleggingspolitikken slik: ”Retten til å få meir enn eitt barn vert bestemt av eit komplisert sett av reglar som varierer frå provins til provins, og som ofte vert anvend på ulikt vis frå landsby til landsby” (Landinfos omsetjing). Tilhøva er generelt sett mindre strenge i autonome regionar og visse andre område med høgt innslag av etniske minoritetar.

2. SANKSJONAR VED BROT PÅ FAMILIEPLANLEGGINGS-REGELVERKET

2.1 GENERELT

Den vanlegaste sanksjonen for brot på familieplanleggingsreglane er ei bot, ei såkalla ”sosial kompensasjonsavgift” (*shehui fuyangfei*). Når bota er betalt, skal barnet kunne verte registrert og få helse- og utdanningstenester på lik line med andre barn. Det har likevel vorte rapportert at enkelte lokale styresmakter har nekta å registrere uautoriserte barn, visstnok i den hensikt å halde (dei rapporterte) fødselstala låge. Nokre stader skal dette ha vore så vanleg at det kunne kallast ein uskriven lov (Zhou 2005). Dette har sjølvsagt alvorlege konsekvensar for dei barna det gjeld, sjå punkt 2.4 for meir om dette.

Det vert i visst mon nytta tvungne tiltak som innsetjing av spiral, abort og sterilisering, og lovgjevinga er uklår på i kva grad det krevst samtykkje og/eller rettskjenning for at slike tiltak skal vere lovlege. Artikkel 14 i Regulations on Administration of Technical Services for Family Planning slår fast at “The institution engaged in family planning technical services shall, when giving a contraceptive or birth control surgery, a special examination or a special treatment, obtain the personal consent of the recipient [...]”, men det er heva over tvil at samtykkje til inngrep stundom vert framskaffa ved tvang. Lokale reguleringar ser heller ikkje ut til å alltid halde samtykkeprinsippet som overordna. Til dømes står det eksplisitt i nokre reguleringar at lokale familieplanleggingsmyndigheiter pliktar å treffe “remedial measures” (*bujiu cuoshi*) ved ureglementerte graviditetar (sjå punkt 2.3). Dette har resultert i eit ukjent, men stort tal overgrep, og i mange høve vert dei ansvarlige for overgrepa korkje halde ansvarleg eller strafferettsleg forfølgd (sjå t.d. CHRD 2010, RRT 2013).

2.2 BØTER

Bøter, eller ei såkalla “sosial kompensasjonsavgift”, er den vanlegaste sanksjonen.

Hovudtrekka i sanksjonsutmålinga vert skissert i *Measures for Administration of Collection of Social Maintenance Fees* (2002), ein ordre (*ling*) kunngjort av sentralregjeringa. Der vert det slått fast at “[t]he provinces, autonomous regions and municipalities directly under the Central Government shall lay down their own specific standards for the collection of social maintenance fees” (Artikkel 3).

Storleiken på bota vert fastsett lokalt og kan vere relativt vilkårleg ettersom lokale tenestemenn har vide fullmakter til å fastsette beløpet. Beløpet avheng mellom anna av geografi og kva for type hukou-registrering (urban/rural) ein har, i tillegg til individuelt varierende forhold. Til dømes er det forskjell på om ein ureglementert graviditet finn stad innanfor ekteskapet eller er ei følgje av ein utanomekteskapeleg eskapade. Bota er normalt også betydeleg lågare ved første gongs lovbrøt enn ved ein eventuell neste gong.

Både einslege mødrer og ektepar som får barn utanom kvote, må betale bot, og bår foreldra vert bøtelagt separat (U.S. Department of State 2014). Bota skal normalt baserast på den lokale gjennomsnittlege årsinntekta. Tre til seks gonger denne er ein ganske vanleg storleik på ei bot, ofte enda meir i byar som Beijing. Om ein tener meir enn gjennomsnittet, vert utrekninga av bota i staden basert på eins *eiga* inntekt.

Om vi tar familieplanleggingsreguleringane for provinsen Fujian som eit døme, slår artikkel 46 der fast kva som i ulike høve skal betalast i den provinsen. Utrekninga er basert på anten urban eller rural årsinntekt per capita, og skal reknast ut ved å multiplisere desse på følgjande vis:

- 1) Ugifte som får [sitt første] barn: 60-100% av per capitainntekt
- 2) Par som får eitt barn ulovleg: to-tre gonger per capitainntekt; par som får sitt andre ulovlege barn: fire-seks gonger per capitainntekt; for tredje ulovlege barn: “enda høgare bot”.
- 3) Første barn utanfor eige ekteskap: fire-seks gonger per capitainntekt; andre barn utanfor eige ekteskap: “enda høgare bot”.

Om ein tener meir enn gjennomsnittsinntekta, skal *eiga* inntekt nyttast som basis for utrekningane.

Nokre bøter kan likevel koma på meir enn dette – opp til ti gonger foreldra si årlege inntekt, skriv U.S. Department of State (2014). The Diplomat (Gordon 2015) fortel om “Ms. Li”, ei einsleg kvinne i Beijing med ein son på åtte år som framleis ikkje er registrert og som derfor ikkje har fødsels- eller andre ID-dokument. Han er fødd utanfor ekteskap og er Ms. Li sitt andre ureglementerte barn. Ho har derfor fått ei bot tilsvarende 14 gonger årsinntekta si (USD 50 300), og har lite håp om at ho nokon gong skal greie å betale bota.

Det er ikkje berre Ms. Li som ikkje kan betale slike bøter på staden eller i løpet av dei 30 dagane som er stipulert i nasjonal lovgjeving (Measures for Administration of Collection of Social Maintenance Fees 2002, artikkel 6). Dei som ikkje kan betale heile bota i eitt, har 30 dagar på seg til å søke om å få betale i avdrag. Den lokale familieplanleggingseininga skal så – innan nye 30 dagar – treffe ei skriftleg avgjersle. Sentralregjeringa har slått fast at personar som ikkje betalar i tide, skal verte ilagt ei månadleg strafferente på 0,2 prosent av den resterande bota (Measures for Administration of Collection of Social Maintenance Fees 2002, artikkel 8).

Det praktiserast ulike avdragsordningar i dei ulike provinsane. Shandong avgrensar til dømes talet til “cirka tre”. I Fujian skal avdragsperioden ikkje overstige tre år. Desse tidsavgrensingane er truleg sett med sikte på at kvart avdrag framleis skal vere stort nok til å ha disiplinerande effekt. Ifølgje RRT (2013) treng ikkje alle avdraga å vere betalt før barnet får hukou-registreringa si i Fujian, og uteståande avdrag skal ikkje ha noko å seie for tilgang til offentleg skule eller andre tenester i denne provinsen.

Dei som stadig ikkje betalar etter å ha fått ei nedbetalingsordning, kan familieplanleggingseininga stevne for retten “for compulsory enforcement according to law”. Kva for straffetiltak som er aktuelle, vil vere bestemd av lokale styresmakter.

2.3 ANDRE SANKSJONSFORMER

I tillegg til bøter, finst det fleire andre moglege sanksjonsformar. For offentlig tilsette inkluderer desse nedgradering, lønnsreduksjon, tap av andre gode eller oppseiing. Medlemmer av Kommunistpartiet kan verte ekskludert, og andre kan få privat eigedom øydelagt eller konfiskert. Til og med vilkårleg fengsling førekjem (U.S. Department of State 2011; Watts 2011; CHRD 2010). I tillegg vil ein kunne miste retten til fødselspermisjon og barselspengar, samt til gratis helsestell i barselsperioden (Center for Reproductive Rights 2011; Khan 2011).

Den nasjonale lova (artikkel 4) seier at offentlege tenestepersonar skal halde seg strengt til lova i gjennomføringa av sitt arbeid, drive sivilisert lovimplementering og ikkje krenke borgarane sine legitime rettar. U.S. Department of State (2011) hevdar at lova krev at familieplanleggingspersonale skaffar seg rettskjenning (*court approval*) før dei nyttar tvang eller makt. Dette gjeld til dømes arrestasjon og konfiskering eller destruksjon av privat eigedom hjå familiar som ikkje kan eller vil betale bota. Ifølgje U.S. Department of State (2011) vert ikkje påbodet om å skaffe rettsleg førehandsgodkjenning alltid følgt, og nasjonale styresmakter har lita evne (*remained inefficient*) til å hindre at lokale styresmakter bryt lova.

I nokon mon opnar lokale reguleringar for tvungen abort. U.S. Department of State (2014) skriv at reguleringane i Liaoning og Heilongjiang “require women who violate family-planning policy to terminate their pregnancies”. Ei rekkje andre provinsar, som Fujian, Guizhou, Guangdong, Gansu, Jiangxi, Qinghai, Shanxi, Shaanxi, samt Ningxia og Xinjiang Autonome Regionar, føreskriv uspesifiserte “remedial measures” ved uautoriserte graviditeter. Ifølgje CECC (2014, s. XX(2)) kan dette i mange høve tyde tvungen abort:

Provincial-level population planning regulations in at least 22 of China’s 31 provincial-level jurisdictions explicitly instruct officials to implement abortions, often referred to as “remedial measures” (bujiu cuoshi), for “out-of-plan” pregnancies, with no apparent requirement for parents’ consent.

Til dømes finst ein slik klausul i Henan-provinsen si familieplanleggingsforskrift (Forskrift om befolkning og familieplanlegging i Henan provins 2003). Artikkel 25 i denne lyd:

Ved ei av følgjande handlingar skal det under leiing av familieplanleggingspersonale verte iverksatt avhjelpande tiltak (bujiu cuoshi) for å avslutte svangerskapet:

- 1. Ved utanomekteskapeleg graviditet*
- 2. Om ein allereie har eitt barn og har vorte gravid igjen utan løyve (wu shengyuzheng)*
- 3. Om ein er gravid og har skaffa løyve på urettmessig vis (Landinfos omsetjing)*

Det har vore rapportert om tvungne abortar og steriliseringar fleire stader i landet (U.S. Department of State 2014; CECC 2014). Amnesty International (2006) skriv at

lova forbyr slik praksis i Kina,¹ men at mange kvinner med heimel i familieplanlegging-lovane like fullt vert tvungne til abort og sterilisering. Tvungne inngrep kan ha ulike årsaker – til dømes at lokale styresmakter har satt seg for høge mål, eller at lokale tenestepersonar kan tene på å halde dei lokale fødselstala så låge som mogleg. Gode resultat kan nokre stader auke sjansane for eksempelvis forfremjing.

Nokre stader er det ein vedteke politikk at kvinner som ein regel skal få satt inn spiral etter eitt barn og steriliserast etter to (*yihai fanghuan, erhai jieza*). CHRDR (2010, s. 11) viser til rapportar frå to lokalregjeringar som eksplisitt nemner denne politikken.

Moglegvis førekjem tvungne abortar og sterilisering sjeldnare no enn tidlegare, mellom anna på grunn av oppmjukinga av familieplanleggingspolitikken mange stader i Kina, men det skjer framleis (Freedom House 2011; Beech 2012). Sommaren 2012 var sosiale medium i Kina fulle av postar om Feng Jianmei, ei 23 år gamal kvinne frå Shaanxi-provinsen som for andre gong hadde blitt gravid utan autorisasjon. Då Feng og ektemannen ikkje kunne betale bota på rundt RMB 40 000, vart Feng pressa til å underskrive på samtykke til abort. Aborten vart utført i svangerskapets sjuande månad. Feng skal ha vore traumatisert av den tvangsprega prosessen, og eit grufullt bilete av henne frå sjukehussenga med den døde babyen ved sida av seg, spreidde seg svært hurtig på kinesiske nettstader. Myndighetene tok tak i saka og avgjorde at inngrepet hadde krenka Feng sine rettar (sjølv om ho ikkje hadde rett til eit barn nummer to). To tenestemenn vart oppsagde, og Feng vart tilkjend ei erstatning (sjå til dømes Beech 2012). Det har likevel blitt rapportert om liknande tvungne seinabortar seinare, til dømes i Xinjiang og Shandong i 2013 (U.S. Department of State 2014; CECC 2014).

Ein av Kinas internasjonalt mest kjende fangar, Chen Guangcheng, vart fengsla etter at han i 2005 freista å gå til kollektivt søksmål mot lokale familieplanleggingsstyresmakter i Shandong-provinsen. Styresmaktene der sto bak tvungne abortar og steriliseringar, trakassering og angrep på kvinner som hadde vorte gravide eller fått barn utanom kvote. I motsetning til Chen, vart få eller ingen av funksjonærene som hadde stått for overgrepa, halde ansvarlege eller straffeforfølgt (Pan 2006). Chen slapp ut av fengsel i 2010, men vart satt direkte i husarrest. I 2012 greidde han å rømme, og han bur no i USA.

2.4 SANKSJONAR SOM RAMMAR UAUTHORISERTE BARN

Styresmaktene i Kina vil at sanksjonane skal ramme foreldre som bryt reglane, ikkje barna deira. Så om foreldra betaler bota, skal dei som nemnd ovanfor også få registrere barnet i det kinesiske *hukou*- eller hushaldsregistreringssystemet. Når bota er betalt og barnet registrert, skal barnet ikkje verte behandla annleis enn andre barn. I praksis kan det likevel hende at lokale tenestepersonar nektar å registrere barnet, eksempelvis i den hensikt å oppretthalde eit inntrykk av god fødselsplanleggingspolitikk.

Mellom anna på grunn av dei høge bøtene, vert enkelte barn ikkje hushaldsregistrerte før fleire år etter fødselen. Desse har vanskar med å få tilgang til offentleg skule og

¹ Det har ikkje lukkast Landinfo å finne kva for lov Amnesty International her siktar til, men tenkjeleg kan det dreie seg om Artikkel 14 i Regulations on Administration of Technical Services for Family Planning nemnd over.

helsestell. Hukouregistrering er “inngangsbilletten” til alle typar offentlege tenester og grunnlaget for utferding av ID-kort. Barn som ikkje har dette, eksisterer offisielt ikkje og kan såleis ikkje skrivast inn på offentleg skule på normalt vis. Ein del uregistrerte barn går på private skular, men desse krev vanlegvis høge skulepengar som langt frå alle kinesiske foreldre har råd til. Det er òg rapportert om at uregistrerte barn nokre stadar har fått gå på offentleg skule utan å betale ekstra (RRT 2007a).

Uregistrerte barn har gjerne også vanskar med tilgang til helsetenester fordi dei manglar hukouregistrering – mange stader kan sjukehus nekte å handsame pasientar utan lokal hukouregistrering (Sheehan 2012). Dertil kan det å oppsøke helsevesenet medføre ein risiko for at eit uregistrert barn vert oppdaga (og for at foreldra dermed kan verte straffa/bøtelagt). For kinesarar som ikkje er dekkja av ei forsikrings- eller velferdsordning, noko til dømes uregistrerte barn ikkje er, kan eit lege- eller sjukehusbesøk vere svært kostbart, om ein faktisk får tilgang. For meir om det kinesiske helseforsikringssystemet, som for øvrig vil vere i rask endring fram til år 2020, sjå Kina: Helseforsikringssystemet i Kina (Landinfo 2012).

Det er ulike påstandar om graden av utestenging frå offentlege system. Til dømes hevdar U.S. Department of State (2011) at: “Children not registered cannot access public services”, medan RRT (2009) hevdar at “[u]nregistered children may be able to access these services but may be required to pay an extra fee”. Korrupsjonen i Kina er omfattande, og pengar under bordet til offentlege tenestepersonar, lærarar og legar kan gjere det mogleg å integrere ”ulovlege” barn heilt eller delvis i samfunnet.

FNs komité for barns rettar (CRC 2005) er “concerned about discrimination against certain groups on the mainland, such as [...] internal migrant children”. Komiteen nemner ikkje eksplisitt uregistrerte barn eller barn fødd utom kvote, men tilrår Kina å forbetre barn av interne migrantar sin tilgang til grunnleggjande tenester innan helse, utdanning og andre område. Det som gjeld migrantbarn, gjeld ofte òg uregistrerte barn, nettopp på grunn av manglande registrering, anten i det heile tatt eller der dei (permanent eller mellombels) bur.

Det har hendt at barn har vorte tekne frå foreldre som ikkje har vore i stand til å betale bota. Dette er ulovleg og skjer truleg svært sjeldan. Når slikt likevel skjer, er det gjerne utført av utru tenarar hos lokale styresmakter som gjer det for å tene pengar på til dømes ulovleg adopsjon (Wang 2009b; Caixin 2011).

3. FAMILIAR SOM RETURNERER TIL KINA MED BARN FØDDE UTANOM KVOTE I UTLANDET

3.1 GENERELT OM REGELVERKET SIN GYLDIGHEIT FOR KINESARAR BUSETT UTANFOR KINA

Det irske Refugee Documentation Centre siterte i 2010 ein seminarrapport frå 2005 der ein “kinaekspert” hevdar at kinesiske par som bur utanlands, ikkje er bundne av eittbarnspolitikken, og at kinesiske borgarar som studerer eller arbeider i utlandet, kan returnere med meir enn eitt barn utan å få alvorlege problem.

Ein rapport frå det kanadiske Immigration and Refugee Board siterer likeeins ein antropolog som hevdar at barn fødd utanfor Kina, stort sett vert tilgjeve (IRB 2009).

Desse to påstandane er ikkje heilt i samsvar. Den første seier at kinesarar som bur i utlandet, ikkje er bundne av familieplanleggingspolitikken. Den sistnemnde indikerer at lova òg gjeld for kinesiske borgarar i utlandet, men at det vert sett gjennom fingrane med reglane.

Dei fleste vurderingane og føresegnene Landinfo har funne, tyder likevel på at lova i utgangspunktet gjeld for alle kinesiske borgarar, også for dei som bur kortare eller lengre periodar i utlandet. Dette vert òg underbygd av RRT (2007b):

*Second children born overseas who have returned to China are Chinese nationals if they have not acquired foreign citizenship, and are **therefore still subject to the family-planning policy*** (Landinfos utheving).

Ikkje desto mindre vert det gjort unntak for nokre typar borgarar som har opphalde seg utanlands ein viss periode. For å kome innunder unntaksreglane, må ein antakeleg ha reist frå Kina på lovleg vis, og utanlandsopphaldet må likeeins ha vore registrert lovleg og i samsvar med forskriftene i det aktuelle landet. Dertil bør føremålet med utanlandsopphaldet vere definert i ein eksplisitt fritaksregel. Utanlandsopphaldet til eksempelvis heimvende tidlegare asylsøkarar ser ikkje ut til i seg sjølv å telje.

I tillegg er det i dette som i alle andre høve naudsynt å vere gift. RRT (2011) skriv:

While a couple may have been exempted from family planning laws because they were returning from studying overseas, the fact that they had not married before the birth of their children would nullify this exemption.

Studentar står i ei særstilling – dei vert ikkje rekna som ”utanlandskinesarar”, men vert i mange tilfelle likevel ikkje straffa om dei kjem attende med eit barn utanom kvote, sjå punkt 3.2.

For å vite kva som gjeld i eit spesifikt høve, vil ein måtte sjekke lovverk i den aktuelle provinsen og, viss mogleg, praksis på lokalplan.

3.2 MOGLEGE UNNTAKSGRUNNAR FRÅ KVOTANE I FAMILIEPLANLEGGINGA

Eit hovudunnatak for utanlandsopphald gjeld studentar. Det australske Department of Foreign Affairs and Trade (DFAT) hevdar at:

There are “a few circumstances” where couples may be exempt from family planning fines for the unauthorised birth of a second child:

for example if both the mother and father of this child are overseas Chinese students; and they have stayed in the country in which their second child was born for more than one year. This policy may be applied to most areas in China, though specific advice should be sought on a case by case basis. (DFAT 2010, sitert i RRT 2011).

Andre unntak kan gjelde såkalla ”utanlandskinesarar”.

Den kinesiske regjeringa (State Council 2015) definerer ”utanlandskinesarar” som kinesiske statsborgarar som er busette i utlandet. Det vil normalt seie at dei har permanent opphaldsløyve (*changqi juliuquan*) i vertslandet eller at dei manglar dette, men i røynda bur og arbeider der. Ein definisjon på omgrepet ”heimvend utanlandskinesar” (*guiguo huaqiao*, forkorta *guiqiao*) finst i Lov om vern av rettane til heimvende utanlandskinesarar og deira familiemedlemmar (2000). Der står det (artikkel 2) at *guiqiao* er ”utanlandskinesarar som har returnert til Kina for å busetje

seg” (*huiguo dingju de huaqiao*) og at ein ”utanlandskinesar” (*huaqiao*) er ein ”kinesisk statsborgar med fast bustad (*dingju*) i utlandet”.

Den kinesiske regjeringa (2015) definerer ”fast busett” (*dingju*) slik:

- 1) Når kinesiske borgarar har fått permanent opphaldsløyve i vertslandet;
- 2) Når kinesiske borgarar ikkje har fått permanent opphaldsløyve i vertslandet, men har opphalde seg lovleg i vertslandet i minst fem år kontinuerleg

Som fast busette i utlandet tel *ikkje* utanlandsstudentar på studieopphald eller personar på tenestereise/tenesteopphald.

Quanguo guiguo huaqiao lianhehui (Det all-kinesiske forbundet for returnerte utanlandskinesarar, heretter Guiqiaolian) er ein halvstatleg organisasjon for heimvende utanlandskinesarar. På sidene deira finst definisjonar på ein del sentrale omgrep, samt informasjon om barneavgrensning i samband med ulike typar utanlandsopphald. Angående kva reglar som gjeld for heimvende utanlandskinesarar, ser Guiqiaolian ut til å svare utelukkande basert på nasjonale lovføresegner. Organisasjonen vurderer ikkje korleis desse vert omskrivne i regionale reguleringar eller praktisert lokalt. Her følgjer eit utval spørsmål og svar frå nettsidene til Guiqiaolian:

Kva for familieplanleggingsreglar gjeld for utanlandsstudentar?

Svar: *Ifølgje Den nasjonale familieplanleggingskomitéen si ”Forskrift om utanlandsstudentar sin fertilitet” (Chuguo liuxue renyuan shengyu wenti guiding) gjeld følgjande:*

- 1) *Utanlandsstudentar bør følgje Folkerepublikken Kina si befolknings- og familieplanleggingslov og tilhørande lovar og reglar, også i den tida dei oppheld seg utanlands. Aktuelle studie- og arbeidseiningar bør opplyse sine utanlandsstudentar om dette.*
- 2) *Om eit ektepar studerer i utlandet samanhengande i meir enn eitt år, og i løpet av den tida får barn eller vert gravide i strid med Kinas lover om familieplanlegging, så skal dette ikkje verte reikna [som eit lovbrøt], sjølv om paret returnerer til Kina med eit barn nummer to.*
- 3) *Barn som utanlandsstudentar får medan dei er i utlandet, og som ikkje vert med tilbake til Kina, skal ikkje telje med i samband med implementering av reguleringane (Guiqiaolian 2008a, Landinfos omsetjing).*

Denne forskrifta gjeld for ”familieplanleggingskomitéane i alle provinsar, autonome regionar og byar på provinsnivå, samt einingar som Xinjiang Production and Construction Corps, hæren og det væpna politiet” (XPCC 2010).

Landinfo tolkar dette som at kinesiske utanlandsstudentar helst bør overhalde nasjonalt (og regionalt) familieplanleggingslovverk medan dei oppheld seg i utlandet, men at dei ikkje skal verte utsette for sanksjonar om dei vender attende med eit barn som det ikkje er søkt om i samsvar med lova.

Kva gjeld personar på andre slags utanlandsopphald, seier Guiqiaolian som følgjer:

Korleis vil kinesiske borgarar som får barn medan dei er utanlands på reise, familiebesøk eller forretningar, verte behandla?

Svar: Fødsel i utlandet av eit barn som er utanom plan (jihuwai), men som får utanlandsk statsborgarskap, og som foreldre ikkje tek med attende til Kina, vil i prisnippet ikkje verte straffa. Om dei derimot tek barnet med seg attende til Kina, vil saka verte handsama i samsvar med familieplanleggingsreglane. Om barnet skal bu i Kina, skal det telje med i hushaldet sitt totale barnetal (Guiqiaolian 2008d, Landinfos omsetjing).

For denne kategorien er antakeleg utanlandsopphaldet av kortvarig eller mellombels karakter. Dette skil seg frå personar som har budd i utlandet over lengre tid, såkalla *hualiao* eller utanlandskinesarar:

Kva for familieplanleggingsreglar gjeld for heimvende utanlandskinesarar (guiqiao) og deira ektefeller (qiaojuan)²?

Svar: Ifølgje Statsrådets kontor for saker som gjeld utanlandskinesarar og Den nasjonale befolknings- og familieplanleggingskomiteen sitt dokument "Nokre synspunkt på familieplanleggingsarbeidet overfor heimvende utanlandskinesarar og deira ektefeller", gjeld følgjande:

- 1) Det er ikkje tillate å få fleire barn for nyreturnerte som allereie har fått meir enn to barn anten i eller utanfor landet. Unntak kan gjerast for dei som er gravide på returtidspunktet.*
- 2) Ektepar der begge er heimvende utanlandskinesarar bør verte oppfordra til å berre få eitt barn. Par som etter å ha gjennomgått rådgjeving framleis ønskjer eit barn nummer to, kan få løyve til dette, dersom det har gått mindre enn seks år sidan dei returnerte (Guiqiaolian 2008c, Landinfos omsetjing).*

Dette syner igjen at det er ein viss skilnad på nasjonale og lokale reglar, for reguleringane for Fujian-provinsen (Artikkel 12) seier til dømes at eit ektepar der begge partar er returnerte utanlandskinesarar, kan få "eitt barn til" (underforstått: dei har allereie eit barn, uvisst om fødd i eller utanfor Kina) hvis dei oppfyller eitt av følgjande kriterier og dei får tillating etter å ha søkt om det:

- 1) Hvis dei allerede var gravide ved retur til Kina
- 2) Hvis dei berre har eitt barn og det er under seks år sidan dei returnerte til Kina
- 3) Hvis dei barna dei har fått i utlandet, har blitt att der og dei ikkje har barn i Kina frå før.

Det gjeld også egne reglar i såkalla autonome minoritetsområde.

3.3 REGIONALE FØRESEGNAR

Det kanadiske Immigration and Refugee Board (IRB 2005) undersøkte i 2005 dei engelske omsetjingane av seks ulike provinsreguleringar for å freiste å kartlegge ulike reaksjonar mot kinesiske borgarar som returnerer med barn fødte i utlandet.

² Kva gjeld "utanlandskinesarar sine familiemedlemmar" (*qiaojuan*), så nyttar Lov om vern av rettane til heimvende utanlandskinesarar ein svært vid definisjon, som i tillegg til ektefeller famnar både barn og foreldre samt svigerfamilie på begge sider. Dette er truleg likevel ikkje ein konstruktiv definisjon når det gjeld familieplanleggingslovverket, i og med at denne gjeld ektepar og deira barnefødsler. Landinfo vel difor å omsetje *qiaojuan* med "ektefelle(r)".

Dei fann at tre av føresegnene ikkje inneheld særskilde reglar for fødsjar utanlands (Guangdong, Zhejiang og Beijing), medan dei tre andre hadde særskilde reglar som i visse tilfelle tillét heimvende utanlandskinesarar å få eit barn nummer to (Henan, Hunan og Fujian).

Landinfo har sett nærare på dei kinesiskspråklege utgåvene av desse lovtekstane. Forskriftene i Guangdong (2014), Zhejiang (2014) og Beijing (2003) seier i hovudsak at dei same reglane gjeld for deira innbyggjarar, anten dei er busette i eller utanfor Kina *med mindre* noko anna er fastsett i nasjonal lov.

Det framgår samstundes ikkje kva for nasjonale lover desse føresegnene viser til. Men truleg er direktiv frå einingar på nasjonalt nivå likestilte med nasjonal lov i denne samanhengen. Såleis vil dei to dokumenta som vert nemnt av Guigqiaolian (sjå del 3.2), "Forskrift om utanlandsstudentars fertilitet" og "Nokre synspunkt på familieplanleggings-arbeidet overfor heimvende utanlandskinesarar og deira ektefeller", samt den nasjonale lova om familieplanlegging, vere sentrale for tolkinga av regionale føresegner som berre viser til nasjonalt lovverk.

Forstått på denne måten, kan utanlandskinesarar eller -studentar frå Guangdong, Zhejiang og Beijing kome heim med eit barn utanom kvote utan å verte straffa. Det bør også innebere at barnet får hukouregistrering og dei vanlege rettighetene som følgjer med den lokale registreringa. Borgarar som til dømes har vore på forretningsreise eller har vitja slektningar, er ikkje unnateke familieplanleggings-reglane.

I dei tre reguleringane som kanadiske IRB fann at eksplisitt skilte mellom heime- og uteboande, var kriteria for å få eit barn nummer to anten at ekteparet er heimvende utanlandskinesarar (*guiguo huaqiao*) og berre har eitt barn frå før (Henan- og Hunan-forskriftene), eventuelt òg om kvinna allereie var gravid på heimflyttetidspunktet eller om dei barna ekteparet eventuelt har, bur fast i utlandet og paret ikkje har nokre barn i Kina (Fujian-forskrifta 2014, artikkel 12). I Fujian kan ein også få eit barn i andregongs ekteskap viss dei to ektefellene berre har eitt barn (i samsvar med forskrift) kvar frå tidlegare ekteskap.

Under desse provinsforskriftene igjen, kjem så lokale implementeringsplanar og -direktiv, som òg kan variere i form og innhald.

3.4 RETUR TIL KINA ETTER IRREGULÆRE UTANLANDSOPPHALD

Landinfo har fått spørsmål om korleis heimvende tidlegare asylsøkarar som returnerer til Kina med barn fødte i asylsøkarperioden, vert sett på. Det har ikkje latt seg gjere å finne påliteleg informasjon om dette spesifikt, utover ein referanse hos ACCORD (2005, s. 16), som seier at "The consequences for asylum seekers repatriated to China who did not follow the One-Child-Policy, are different. Parents responsible for pregnancies or births without permission in China could face [...] difficulties [...]".

Her er det derfor meir formålstenleg å sjå på retur etter irregulære opphald generelt. Enkelte av familieplanleggingsregelverka rundt om i Kina gjer som nemnt spesifikke unntak frå reglane mellom anna for utanlandsopphald. Kinesiske borgarar som ikkje fell innunder desse, men som likevel har fått barn i løpet av utanlandsopphaldet, vil normalt verte rekna for å ha brote regelverket.

Ein person som returnerer eller vert returnert til Kina etter eit opphald i Noreg som openbart ikkje har vore grunna i studium, arbeid eller andre godkjende opphaldsgrunner, vil ikkje falle inn under unntaksreglane og kvalifiserer dermed heller ikkje til fritak frå familieplanleggingslovane. Kor hardt vedkommande eventuelt vert straffa, kjem truleg mellom anna an på kva for historie han/ho fortel styresmaktene på heimstaden og kor strengt lovane der vert handheva.

4. BARN FØDDE I HONG KONG

I dei seinare åra har eit stort tal gravide frå fastlands-Kina reist til Hong Kong for å føde barna sine der. Ifølgje He & Yau (2010) gjer dei dette for å “escape the mainland’s one-child policy and to secure a Hong Kong passport for their children”. Barna dei føder, fell imidlertid mellom to stolar: Dei får ”utanlandsk statsborgarskap” (lokal innbyggjerstatus, *permanent residency*) i Hong Kong, men foreldra tek dei med attende til fastlandet for at dei skal bu og vekse opp der.

”Problema tek til når kvinnene [som har fødd i Hong Kong] kjem heim att. Lova som famnar reiser til Hong Kong for å føde, er ei gråsone. Etter fastlandskinesisk lov er barna deira for Hong Kong-borgarar å rekne, og såleis ekskludert frå alle velferdsordningar og utdanningsgode”, skriv He & Yau (2010).

Fenomenet med Hong Kong-fødde barn var raskt aukande, og familieplanleggingsmaktene i Guangdong byrja etter kvart å bøteleggje kvinner som kom attende etter å ha fødd i Hong Kong. I 2013 innførde styresmaktene i Hong Kong strenge restriksjonar på fastlandskinesiske kvinner sine moglegheiter til å føde i Hong Kong, og talet på slike fødselar har no falle drastisk (South China Morning Post 2014).

5. REFERANSER

Skriftlege kjelder

- ACCORD, dvs. Austrian Centre for Country of Origin and Asylum Research and Documentation (2006, 17. mars). *China: 10th European Country of Origin Information Seminar, Budapest*. Wien: ACCORD. Tilgjengeleg frå <http://www.unhcr.org/refworld/docid/4451d8c64.html> [lasta ned 9. mai 2017]
- Amnesty International (2006, 23. mai). *Amnesty International Report 2006 – China*. London: Amnesty International. Tilgjengeleg frå <http://www.unhcr.org/refworld/docid/447ff7a238.html> [lasta ned 9. mai 2017]
- Beech, H. (2012, 13. juli). China: Forced-Abortion Victim Promised \$11,200, but Family Fears for Life. *Time*. Tilgjengeleg frå <http://world.time.com/2012/07/13/china-forced-abortion-victim-awarded-11200-fears-for-life/> [lasta ned 9. mai 2017]
- Bristow, M. (2007, 21. september). Grey areas in China's one-child policy. *BBC News*. Tilgjengeleg frå <http://news.bbc.co.uk/2/hi/asia-pacific/7002201.stm> [lasta ned 9. mai 2017]
- CECC, dvs. Congressional-Executive Commission on China (2014, 9. oktober) *2014 Annual Report*. Washington: CECC. Tilgjengeleg frå <http://www.cecc.gov/publications/annual-reports/2014-annual-report> [lasta ned 9. mai 2017]
- Center for Reproductive Rights (2011, 1. juli): *Women of the World: Laws and Policies Affecting their Reproductive Lives East and Southeast Asia*. New York: Center for Reproductive Rights. Tilgjengeleg frå <http://reproductiverights.org/sites/crr.civicactions.net/files/documents/China.pdf> [lasta ned 9. mai 2017]
- CHRD, dvs. Chinese Human Rights Defenders (2010, 21. desember). *I Don't Have a Choice over My Own Body*. Tilgjengeleg frå <http://chrdnet.com/2010/12/i-dont-have-control-over-my-own-body/> [lasta ned 9. mai 2017]
- CRC, dvs. Committee on the Rights of the Child (2005, 24. november). *Concluding Observations: China (including Hong Kong and Macau Special Administrative Regions)*. Geneve: Committee on the Rights of the Child. Tilgjengeleg frå <http://www.unhcr.org/refworld/docid/45377eb80.html> [lasta ned 9. mai 2017]
- [Folkerepublikken Kinas grunnlov] (1982, 4. desember). *Zhonghua renmin gongheguo xianfa* [Folkerepublikken Kinas grunnlov]. Beijing: Den nasjonale folkekongressen i Folkerepublikken Kina. Tilgjengeleg frå http://www.gov.cn/gongbao/content/2004/content_62714.htm [lasta ned 9. mai 2017]
- [Forskrift om befolkning og familieplanlegging i Beijing by] (2003, 1. september). *Beijing shi renkou yu jihua shengyu tiaoli* [Forskrift om befolkning og familieplanlegging i Beijing by]. Beijing: Folkekongressen i Beijing by. Tilgjengeleg frå http://zfxgk.beijing.gov.cn/fgdyna/pghome/fgdyna.prinfodetail.prStatuteDetailInfo.do?GM_T_CATALOG_INFO/CATA_INFO_ID=106153 [lasta ned 9. mai 2017]
- [Forskrift om befolkning og familieplanlegging i Fujian provins] (2002, 1. september). *Fujian sheng renkou yu jihua shengyu tiaoli* [Forskrift om befolkning og familieplanlegging i Fujian provins]. Fuzhou: Folkekongressen i Fujian provins. Tilgjengeleg frå <http://www.lawtime.cn/info/hunying/hunyingfagui/201404092884216.html> [lasta ned 9. mai 2017]
- [Forskrift om befolkning og familieplanlegging i Guangdong provins] (2014, 27. mars). *Guangdong sheng renkou yu jihua shengyu tiaoli* [Forskrift om befolkning og familieplanlegging i Guangdong provins]. Guangzhou: Folkekongressen i Guangdong provins. Tilgjengeleg frå http://www.sz.gov.cn/ytq/zcgggfwj/qgfwj/201407/t20140701_2495414.htm [lasta ned 9. mai 2017]
- [Forskrift om befolkning og familieplanlegging i Henan provins] (2003, 1. januar). *Henan sheng renkou yu jihua shengyu tiaoli* [Forskrift om befolkning og familieplanlegging i Henan

provins]. Zhengzhou: Folkekongressen i Henan provins. Tilgjengeleg frå http://www.ha.xinhuanet.com/add/zfzx/2006-02/26/content_6326458.htm [lasta ned 9. mai 2017]

- [Forskrift om befolkning og familieplanlegging i Hunan provins] (2003, 1. januar). *Hunan sheng renkou yu jihua shengyu tiaoli 2015 xiuding* [Forskrift om befolkning og familieplanlegging i Hunan provins, revidert 2015]. Changde: Folkekongressen i Hunan provins. Tilgjengeleg frå <http://www.liuxiaoer.com/cx/2840.html> [lasta ned 9. mai 2017]
- [Forskrift om befolkning og familieplanlegging i Zhejiang provins] (2014, 27. januar). *Zhejiang sheng renkou yu jihua shengyu tiaoli* [Forskrift om befolkning og familieplanlegging i Zhejiang provins]. Hangzhou: Folkekongressen i Zhejiang provins. Tilgjengeleg frå <http://www.liuxiaoer.com/lh/2880.html> [lasta ned 9. mai 2017]
- Freedom House (2011, 13. januar). *Freedom in the World 2011. China*. Washington D.C.: Freedom House. Tilgjengeleg frå <http://www.freedomhouse.org/report/freedom-world/2011/china> [lasta ned 9. mai 2017]
- Gordon, S. (2015, 12. mars). China's Hidden Children. *The Diplomat*. Tilgjengeleg frå <http://thediplomat.com/2015/03/chinas-hidden-children/> [lasta ned 9. mai 2017]
- Guiqiaolian, dvs. Quanguo Guiguo Huaqiao Lianhehui (2008a, 15. juli). *Guojia dui chuguo liuxue (gongpai, zifei) ren yuan de shengyu wenti you he guiding?* [Kva for familieplanleggingsreglar gjeld for utanlandsstudentar (stipendiatar og selyfinansierande)?]. Beijing: Guiqiaolian. Tilgjengeleg frå <http://www.chinaql.org/c/2008-07-16/485337.shtml> [lasta ned 9. mai 2017]
- Guiqiaolian (2008c, 15. juli). *Guojia dui guiqiao, qiaojuan de shengyu you shenme zhengce guiding?* [Kva for familieplanleggingsreglar gjeld for heimvende utanlandskinesarar og deira ektefeller?]. Beijing: Guiqiaolian. Tilgjengeleg frå <http://www.chinaql.org/c/2008-07-16/485333.shtml> [lasta ned 9. mai 2017]
- Guiqiaolian (2008d, 15. juli). *Zhongguo gongmin zai chuguo liuyou, tanqin, chufang qijian shengyu zinu de, ruhe chuli?* [Korleis vil kinesiske borgarar som får barn medan dei er utanlands på reise, familiebesøk eller forretninger verte behandla?]. Beijing: Guiqiaolian. Tilgjengeleg frå <http://www.chinaql.org/c/2008-07-16/485334.shtml> [lasta ned 9. mai 2017]
- Guan, X. (2007, 11. juli). Most people free to have more child. *China Daily*. Tilgjengeleg frå http://www.chinadaily.com.cn/china/2007-07/11/content_5432238.htm [lasta ned 9. mai 2017]
- He, H. & Yau, E. (2010, 11. november). Born in HK but torn between two systems. *South China Morning Post*. Tilgjengeleg frå <http://www.scmp.com/article/730066/born-hk-torn-between-two-systems> [lasta ned 9. mai 2017]
- IRB, dvs. Immigration and Refugee Board of Canada (2005, 25. august). *China: Penalties faced by couples returning from overseas who are in violation of family planning regulations (2001-2005)*. Ottawa: IRB. Tilgjengeleg frå <http://www.unhcr.org/refworld/docid/440ed6dd2.html> [lasta ned 9. mai 2017]
- IRB (2009, 29. januar). *China: Regulations on Family Planning of Liaoning Province; including exceptions to the one-child policy*. Ottawa: IRB. Tilgjengeleg frå <http://www.refworld.org/docid/4a70409928.html> [lasta ned 9. mai 2017]
- Khan, N. (2011, 22. november). Longer maternity leave in China signals more women's rights. *Bloomberg*. Tilgjengeleg frå <http://www.bloomberg.com/news/2011-11-22/longer-maternity-leave-in-china-signals-more-women-s-rights-1-.html> [lasta ned 9. mai 2017]
- Landinfo (2012, 12. september). *Kina: Helseforsikringssystemet i Kina*. Tilgjengeleg frå http://landinfo.no/asset/2165/1/2165_1.pdf [lasta ned 9. mai 2017]
- [Law on Family Planning] (2002, 1. september). *Population and Family Planning Law of the People's Republic of China*. Beijing: National People's Congress of the People's Republic of China. Tilgjengeleg frå http://www.gov.cn/english/laws/2005-10/11/content_75954.htm [lasta ned 9. mai 2017]

- Library of Congress (2014, 6. august). *China: Provincial Family Planning Regulations Amended Allowing More Couples to Have a Second Child*. Washington, D.C.: Library of Congress. Tilgjengeleg frå http://www.loc.gov/lawweb/servlet/lloc_news?disp3_l205404091_text [lasta ned 9. mai 2017]
- [Lov om ekteskap] (2001, 28. april). *Zhonghua Renmin Gongheguo Hunyinfa [Folkerepublikken Kinas ekteskapslov]*. Beijing: Den nasjonale folkekongressen i Folkerepublikken Kina. Tilgjengeleg frå http://www.gov.cn/banshi/2005-08/21/content_25037.htm [lasta ned 9. mai 2017]
- [Lov om vern av rettane til heimvende utanlandskinesarar] (2000, 31. oktober). *Zhonghua Renmin Gongheguo guiqiao qiaojuan quanyi baohu fa. [Folkerepublikken Kinas lov om vern av rettane til heimvende utanlandskinesarar og deira familiemedlemmar]*. Beijing: Den nasjonale folkekongressen i Folkerepublikken Kina. Tilgjengeleg frå <http://www.gqb.gov.cn/node2/node3/node5/node9/userobject7ai1272.html> [lasta ned 9. mai 2017]
- Measures for Administration of Collection of Social Maintenance Fees (2002, 1. september). *[Shehui fuyangfei zhengshou guanli banfa]*. Beijing: State Council Tilgjengeleg frå <https://www.cecc.gov/resources/legal-provisions/measures-for-administration-of-collection-of-social-maintenance-fees> [lasta ned 9. mai 2017]
- National Health and Family Planning Commission (2002, 24. april). *Guanyu yinfa "Chuguo liuxue renyuan shengyu wenti guiding" de tongzhi. [Kunngjering vedrørende publikasjonen av 'Familieplanleggingsregler for utanlandsstudentar']*. Beijing: National Health and Family Planning Commission. Tilgjengeleg frå <http://www.nhfpc.gov.cn/zwgk/ztwj/201305/72984efb4461493ca05da39de2ef24db.shtml> [lasta ned 9. mai 2017]
- Pan, P. P. (2006, 8. juli). Chinese to prosecute peasant who resisted one-child policy. *Washington Post*. Tilgjengeleg frå <http://www.washingtonpost.com/wp-dyn/content/article/2006/07/07/AR2006070701510.html?> [lasta ned 9. mai 2017]
- Refugee Documentation Centre Ireland (2010, 23. november). *China: Information relating to the arrests of Chinese nationals returning to China from a foreign country who have breached the one child policy while living in a foreign country*. Dublin: Refugee Documentation Centre Ireland. Tilgjengeleg frå <http://www.unhcr.org/refworld/docid/4cf8d64d2.html> [lasta ned 9. mai 2017]
- Regulations on Administration of Technical Services for Family Planning (2001, 13. juni). *Regulations on Administration of Technical Services for Family Planning*. Beijing: State Council. Tilgjengeleg frå <http://www.ilo.org/dyn/natlex/docs/ELECTRONIC/76106/79584/F2009899396/CHN76106%20Eng.pdf> [lasta ned 9. mai 2017]
- RRT, dvs Refugee Review Tribunal Australia (2007a, 26. juni) *China: Treatment of "illegal," or "black," children born outside the one-child family planning policy*. Canberra: RRT. Tilgjengeleg frå <http://www.unhcr.org/refworld/docid/46c403821f.html> [lasta ned 9. mai 2017]
- RRT (2007b, 3. september). *China: A. How does the one-child policy apply to second children born overseas who have returned to China? B. How strictly is the one-child policy implemented in Shanghai? C. How are fines for breaching the one-child policy imposed? How much are these fines in Shanghai? D. Are children born additional to the one child policy in Shanghai denied household registration? E. Can unregistered children access education and medical services in Shanghai? F. Do you have any information on societal attitudes to black children? G. Please explain whether second children are denied any privileges accorded to only children? Which privileges are denied to second children in Shanghai?* Canberra: RRT. Tilgjengeleg frå <http://www.unhcr.org/refworld/docid/4b6fe18d2.html> [lasta ned 9. mai 2017]
- RRT (2009, 2. april). *China: 1. What is the birth control policy in Guangdong for females? Are women forced to have IUDs inserted? 2. What is the birth control policy in Guangdong for males? Are men forced to have vasectomies? 3. How much would a couple have to pay in Guangdong to register a second child? 4. Is it possible for the eldest son not to be registered at*

birth and the couple to pay a fine for his registration in order for him to receive free education? Canberra: RRT. Tilgjengeleg frå http://www.ecoi.net/file_upload/2107_1311778466_chn34621.pdf [lasta ned 9. mai 2017]

- RRT (2011, 27. april). *China: 1. If the children of Chinese nationals are born overseas, do the children automatically have Chinese nationality, or is it necessary for them to be registered in order to obtain nationality? 2. CX252081 indicates that there is currently an amnesty on household registration for children born out of wedlock. What treatment would such children now face if they returned to China? 3. Would a second child also born in Australia be exempt from the family planning laws if both parents were students?* Canberra: RRT. Tilgjengeleg frå <http://www.refworld.org/docid/4f10306c2.html> [lasta ned 9. mai 2017]
- RRT (2013, 8. september). *Background Paper. China: Family Planning*. Canberra: RRT. Tilgjengeleg frå <http://www.refworld.org/pdfid/51f61ea04.pdf> [lasta ned 9. mai 2017]
- Shangguan, J. (2011, 5. oktober). In Hunan, family planning turns to plunder. *Caixin Online*. Tilgjengeleg frå <http://www.caixinglobal.com/2011-05-10/101017026.html> [lasta ned 9. mai 2017]
- Sheehan, J. (2012, 25. juli). Cruel cut. *South China Morning Post*. Tilgjengeleg frå <http://www.nottingham.ac.uk/cpi/documents/news/2012/cruel-cut-jackie.pdf> [lasta ned 9. mai 2017]
- South China Morning Post (2014, 2. mai). Relax ban on mainland China mothers giving birth in Hong Kong. *South China Morning Post*. Tilgjengeleg frå <http://www.scmp.com/comment/insight-opinion/article/1502031/relax-ban-mainland-china-mothers-giving-birth-hong-kong> [lasta ned 9. juli 2015]
- State Council, Overseas Chinese Affairs Office (2015, 25. November). *Huaqiao, waiji huaren de dingyi shi shenme? [Korleis vert «huaqiao» og «waiji huaren» definert?]*. Beijing: Overseas Chinese Affairs Office of the State Council. Tilgjengeleg frå <http://www.gqb.gov.cn/news/2015/1125/37146.shtml> [lasta ned 9. mai 2017]
- U.S. Department of State (2011, 8. april). *2010 Human Rights Report: China (includes Tibet, Hong Kong, and Macau)*. Washington, DC: U.S. Department of State. Tilgjengeleg frå <http://www.state.gov/j/drl/rls/hrrpt/2010/eap/154382.htm> [lasta ned 9. mai 2017]
- U.S. Department of State (2014, 27. februar). *Country Reports on Human Rights Practices for 2013: China (includes Tibet, Hong Kong, and Macau)*. Washington D.C.: U.S. Department of State. Tilgjengeleg frå <http://www.state.gov/j/drl/rls/hrrpt/humanrightsreport/index.htm?year=2013&dliid=220186> [lasta ned 9. mai 2017]
- Wang, J. (2009b, 3. juli). SW China: Baby girls taken and sold for adoption. *China Daily*. Tilgjengeleg frå http://www.chinadaily.com.cn/china/2009-07/03/content_8350825.htm [lasta ned 9. mai 2017]
- Watts, J. (2011, 25. oktober). China's one-child policy means benefits for parents – if they follow the rules. *The Guardian*. Tilgjengeleg frå <http://www.guardian.co.uk/environment/2011/oct/25/china-one-child-policy-benefits-rules> [lasta ned 9. mai 2017]
- Zhou, Y. (2005, 14. juni). *Uncovering Children in Marginalization: Explaining Unregistered Children in China. Paper prepared for IUSSP General Conference, Tours, France*. Tours: International Union for the Scientific Study of Population. Tilgjengeleg frå <http://iussp2005.princeton.edu/papers/50479> [lasta ned 9. mai 2017]